

Årsmelding 2019

Revisjon av Bokmålsordboka og Nynorskordboka (Revisjonsprosjektet)

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE)

Universitetet i Bergen

Revisjon av Bokmålsordboka og Nynorskordboka er eit femårig samarbeidsprosjekt mellom Universitetet i Bergen (UiB) og Språkrådet. Prosjektet står for den første gjennomgåande innhaldsrevisjonen sidan desse to norske standardordbøkene først blei trykte i 1986. Dei tre viktigaste revisjonsoppgåvene er å sørje for at definisjonane er i tråd med moderne språkbruk, gjere utvalet av oppslagsord likare i *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* og få inn nye ord og tydingar. Det er dessutan eit mål at Revisjonsprosjektet skal bidra til å byggje eit fast vitskapeleg fagmiljø i leksikografi ved Universitetet i Bergen.

2019 var det andre året av Revisjonsprosjektet sin planlagde femårsperiode, og arbeidet har i høg grad vore prega av opplæring og kompetanseutvikling for redaktørane og uttesting og implementering av nye dataverktøy. Vi har arbeidd medvite med å byggje eit fagleg sterkt lag av sjølvstendige leksikografar og å kople prosjektet opp til den faste aktiviteten på instituttet. På desse punkta har prosjektet kome langt. Dei største utfordringane er knytte til framdrifta i revideringsarbeidet. Etter den opphavlege framdriftsplanen skulle vi i løpet av 2019 blitt ferdige med revisjonen av 73 av til saman 298 like bolkar vi har delt ordbøkene inn i, men vi kom berre til 34. Det er mange og samansette årsaker til at vi ligg eit halvår på etterskot, som det går fram av denne rapporten.

Etter eit møte i Språkrådet i oktober 2019 har vi delvis justert arbeidsprosessane for å sikre progresjonen: Vi nøyer oss med ei ikkje fullt så djuptgåande revidering, Språkrådet har teke på seg fleire oppgåver for å avlaste redaksjonen, og vi har skilt ut enkelte oppgåver som ein enten kan setje ut til andre eller la stå att til etter prosjektperioden. Endå meir avgjerande for tempo og arbeidsflyt var det at vi på vårparten 2019 fekk eit nytt nettbasert redigeringsgrensesnitt for ordbanken og i september eit nytt grensesnitt for ordbokredigering. Begge desse ligg i det same digitale miljøet som korpusressursane våre: Korpuskel-Lex. For resten av prosjektperioden skal Revisjonsprosjektet rapportere kvartalsvis til Språkrådet om framdrifta i arbeidet.

1. Organisering og personale

1.1 Lokalisering

2. september 2019 flytta prosjektet til HF-bygget, der LLE held hus. Fram til det hadde redaksjonen kontor på Universitetsbiblioteket. Redaksjonen opplever det som ein fordel å vere i nærleiken av kollegaene på lingvistikk og nordisk språkvitskap, i tillegg til administrasjonen og leiinga ved LLE. I 2020 skal kontoret vegg i vegg bli prosjektkontor for NO-AH (Norsk Ordbok revisjon a–h), og eit par av redaktørane på Revisjonsprosjektet kjem òg til å få kontorplass der.

1.2 Personale

Revisjonsprosjektet har sidan oppstarten 1. september 2018 hatt 5 fast tilsette leksikografar i 4,5 stilling: Anne Engø (100 %), Gunn Inger Lyse (100 %), Margunn Rauset (hovudredaktør, 100 %), Bente Selback (50 %) og Kari-Anne Selvik (100 %). Prosjektet gjekk inn i 2019 med to redaktørar på kontrakt, i tillegg til dei faste: Tor Erik Jenstad arbeidde i 50 % ut februar, og Mikkel Ekeland Paulsen arbeidde 100 % ut mars, før han gjekk over i stipendiatstilling på nordisk språk, med tilknytning til Revisjonsprosjektet.

Prosjektplanane legg til grunn at Revisjonsprosjektet skal ha 5 årsverk, ikkje 4,5, som har vore realiteten fram til no. Hovudredaktøren har i 2019 ikkje revidert bolkar, og dermed er det reelt snakk om 3,5 årsverk til revidering. Dessutan har ein av redaktørane vore sjukmeldt i (hovudsakleg) 80 % sidan april, så prosjektet har i praksis vore nede i 2,7 aktiv redaktørstilling i store delar av 2019.

Terje Svardal er fast tilsett leksikograf på Språksamlingane ved Universitetsbiblioteket (UB). Store delar av den ekstra ressursen som Språksamlingane bidreg med til Revisjonsprosjektet, 50 % av stillinga til Svardal, har gått til å følgje opp innspel og spørsmål frå brukarane og arbeid på tvers av ordbøkene og i ordbanken. I 2018 og 2019 var det difor ikkje like mykje rom for bolkreidiging for Språksamlingsleksikografen som prosjektet hadde lagt inn i planane.

Paul Meurer er tilsett som digital arkivar ved UB, med 40 % av stillinga tildelt til og finansiert av Revisjonsprosjektet. Språksamlingane gav i 2019 dessutan 10 % frå dei 20 % Språksamlingane disponerer Paul, til Revisjonsprosjektet, slik at prosjektet i alt har disponert 50 % av arbeidstida til den digitale arkivaren.

Språkrådet bidreg årleg med i overkant av eitt årsverk. Redaksjonen er ofte i dagleg kontakt med sekretariatet i Språkrådet, særleg med Sturla Berg-Olsen og Knut E. Karlsen, mellom anna i normeringsspørsmål. Sekretariatet fattar fortløpande operative normeringsvedtak der redaksjonen kan vere i tvil om skrive- og/eller bøyingsmåten til eit ord, og i meir prinsipielle saker førebur det saker til normering i fagråd 3 og Språkrådets styre. Dessutan bidreg Språkrådet jamleg til avklaringar som gjeld redaksjonsspråket i begge ordbøkene, det er førstelinjeteneste for spørsmål til e-postadressa ordbokene@uib.no og det utfører mindre endringar i ordartiklar etter brukarinnspele. I 2019 blei Revisjonsprosjektet og eigarane i fellesskap einige om å kutte eit ledd i kvalitetssikringsprosessen, og Språkrådet tok over hovudredaktørlesinga av reviderte alfabetstrekk, sjå avsnitt 2.4 Framdrift.

1.3 Tiltak for å betre personalsituasjonen

Når den låge bemanninga i 2019 ikkje har gjeve endå større utslag på framdrifta enn ho har, er det mykje takk vere leksikografar med lang fartstid i andre store ordbokprosjekt, som har arbeidd målretta og effektivt med revidering av bolkar, i tillegg til å vere heilt sentrale i opplæringa av mindre erfarne redaktørar. For å arbeide inn etterslepet er det avgjerande at vi har fått sett i verk tiltak for å bøte på bemanningssituasjonen. Den halve redaktørstillinga vi har mangla, blei lyst ut som ei toårig mellombels stilling. Marita Kristiansen startar i stillinga 16. januar 2020 og er tilsett til 15. januar 2022. Dessutan brukar vi ein del av ekstraløyvinga frå Kulturdepartementet i 2020 for å tilsetje Marie Lund i full stilling frå 2. januar og ut året. Dette gjer vi både for å sikre betre framdrift i Revisjonsprosjektet og for å frigjere ressursar til å utvikle begge dei leksikografiske prosjekta ved UiB, Revisjonsprosjektet og NO-AH, i samanheng.

Redaktøren som er tilsett i halv stilling, har frå november 2019 og eit stykke inn i 2020 auka opp til 70 % for å kompensere for den sjukmelde redaktøren. Dessutan arbeider vi med å få tilsett ein vikar for denne i 100 % stilling i minst eit halvt år i 2020. Vi ser på moglegheitene for å kunne bruke denne vikaren i andre funksjonar etter at vikarperioden er over.

Språkrådet har etter oktober 2019 utført fleire endringar etter innspel frå brukarane, slik at den halve stillinga Språksamlingane bidreg med til Revisjonsprosjektet, går til bolkkredigering.


1.4 Prosjektleiing

Fram til oktober 2019 utgjorde professor Johan Myking (LLE, UiB) og Språkrådets direktør Åse Wetås styringsgruppa for standardordbøkene og ordbanken. Frå oktober overtok instituttleiari Anders Fagerjord (LLE, UiB) for Myking. UiB utfører revisjonsarbeidet med finansiering frå Kulturdepartementet via Språkrådet, som er den formelle prosjekteigaren. UiB og Språkrådet har dessutan eit felles arbeidsutval (AU) for standardordbøkene og ordbanken. I AU sit Sturla Berg-Olsen (seniorrådgjevar, Språkrådet), Knut E. Karlsen (seniorrådgjevar, Språkrådet), Peder Gammeltoft (fagleg leiar, Språksamlingane), Terje Svardal (leksikograf, Språksamlingane), Eirik T. Gullaksen (overingeniør, IT-avdelinga) og Margunn Rauset (hovudredaktør, Revisjonsprosjektet). AU hadde eitt møte i Bergen i 2019.

Overordna spørsmål som gjeld organisering, blir òg drøfta i den overordna styringsgruppa for Språksamlingane. Leiar for denne er Anders Fagerjord (instituttleiari, LLE), som har med seg Tore Tungodden (assisterande universitetsdirektør), Tore Burheim (direktør, IT-avdelinga), Maria-Carme Torras Calvo (avdelingsdirektør, UB), Steinar Vestad (seniorrådgjevar, universitetsdirektørens kontor), Jørgen Sejersted (dekan, HF), Jorunn Hetland (instituttleiari, institutt for språk og litteratur, Høgskulen i Volda), Peder Gammeltoft (fagleg leiar for Språksamlingane, UB) og Randi Neteland (leiar for det nasjonale fagrådet for Språksamlingane, LLE).

Rune Kyrkjebø (UB) har hatt rolla som prosjektleiari for Revisjonsprosjektet. I heile 2018 deltok han med 50 % av stillinga si som prosjektleiari, finansiert av Språksamlingane, men i 2019 har hovudredaktør gradvis teke over oppgåvene hans. Prosjektleiari og hovudredaktør har hatt vekefaste prosjektleiingsmøte, til dels òg saman med fagleg leiar på Språksamlingane. Samarbeidet fungerer godt, men når mange av dei ytre rammene for prosjektet var på plass, blei det tydelegare at prosjektet har behov for ein leiar som er tettare på dei interne prosessane i redaksjonen. Kyrkjebø vil halde fram som bindeledd mellom prosjektet og Språksamlingane og bidra som ein administrativ ressurs, dessutan er han sekretær både for styringsgruppa for Språksamlingane og fagrådet for Språksamlingane, men Rauset tek formelt over som prosjektleiari for Revisjonsprosjektet.

Figur 1 gjer forsøksvis greie for dei ulike aktørane og UiB-avdelingane som på ulike vis er engasjerte i Revisjonsprosjektet og/eller Norsk Ordbok revisjon a–h (NO-AH). Den store skilnaden mellom dei to ordbokprosjekta er at Språkrådet deler eigarskapen for standardordbøkene med UiB, medan Høgskulen i Volda har gått inn som ein partner til UiB i NO-AH, elles er det dei same UiB-avdelingane dei to prosjekta forhold seg til.



Figur 1: Aktørane som på ulikt vis bidreg til UiBs ordbokportefølje (NO-AH og Revisjonsprosjektet)

2. Redigering

2.1 Overordna problemstillingar vi har brukt tid på i 2019

Dobbelrevidering av to ordbøker er leksikografisk nybrottsarbeid, og redaksjonen møter stadig nye faglege problemstillingar det ikkje finst opplagde svar på.

I eit pilotprosjekt frå 2013 reviderte ei gruppe leksikografar ved UiO ordartiklane som startar på *a* i *Nynorskordboka*, og så gonga ein timetalet med to for å estimere tidsbruken for Revisjonsprosjektet. Det har dermed ikkje blitt teke høgde for dei faglege og tidsmessige aspekta ved dobbelrevidering. Hadde vi berre skulla revidere éi av ordbøkene, kunne mykje meir stått som det gjer, slik dei gjorde i piloten, men ønsket om å gjere *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* likare tvingar oss til å endre på svært mykje. Erfaringa etter godt og vel eit år er at vi berre unntaksvis kan la ein artikkel stå urørt, fordi det så godt som alltid er noko som er ulikt i dei to ordbøkene – eller at vi av andre grunnar bør endre på enten struktur eller innhald. Halvparten av nyoppretta artiklar er oppslagsord som fram til no berre har stått i den eine ordboka, og som vi tek inn i den andre for å gjere ordbøkene likare. Vi kallar desse *utjamningsartiklar*. Det tek tid å opprette parallelle artiklar der det er lakuner, men det kan vere vel så tidkrevjande å vurdere tilfanget vi ikkje utjamnar, men undertrykkjer visninga av. Ein skal heller ikkje gløyme at redaktørane må vurdere om det er dei eksisterande artiklane som skal utjamnast, eller om vi heller skal bruke tida på nytt tilfang som korpussamlingane våre viser er meir relevant å ha med.

Bokmålsordboka og *Nynorskordboka* ber framleis sterkt preg av å ha blitt til i trykt form. Dette er ikkje presisert som ei oppgåve vi skal gjere noko med i prosjektperioden, men som ein del av

arbeidet med å sørge for at definisjonar og artiklar held mål etter dagens standardar, lar vi ingen artiklar stå utan innhald (berre med formell informasjon om ordklasse og bøyning), vi legg vekt på at definisjonane heller skal vere lette å forstå enn så knappe som mogleg, og vi legg ofte til fleire døme på reell språkbruk – som mange av brukarane våre etterlyser.

Det har vore vanskelege faglege vurderingar om særleg *Nynorskordboka* skal halde på særpreget sitt med mange norske målføreord. Det er spesielt tidkrevjande å vurdere og revidere desse artiklane, då vi ofte ikkje har breitt nok kjeldegrunnlag frå nyare tid for å vurdere om dette er ordtilfang som er i bruk i dialektene i dag. Dessutan står det i samarbeidsavtalen mellom Språkrådet og UiB at det er dei moderne *skriftspråka* bokmål og nynorsk som skal dokumenterast:

Føremålet er å sikre at objekta [*Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*] blir drivne slik at dei ligg føre som ei varig, stabil, fritt tilgjengeleg og gratis publikumsteneste over internett, som kjelde til kvalitetssikra og oppdatert informasjon om normert rettskriving og om vanleg språkbruk for skriftspråka nynorsk og bokmål. (Samarbeidsavtalen mellom Språkrådet og Universitetet i Bergen, 2016: 1, pkt. 3.1)

Etter grundige drøftingsrundar har vi bestemt at vi i hovudsak legg skriftspråklege kjelder frå 1970 og fram til i dag til grunn for revideringa av begge ordbøkene. Vi har tre talemålskorpus som ein del av korpuspakken vår på Korpuskel-Lex, sjå avsnitt 4.1 Korpus, som vi sjølv sagt brukar, men vi tek på alvor at vi har fått i oppdrag å dokumentere skriftspråka. Det inneber at *Nynorskordboka* gjennom revisjonsarbeidet til ei viss grad får endra profilen sin. Til skilnad frå då standardordbøkene først kom i 1986, har vi no komplette ordbokverk som dokumenterer både bokmål (NAOB) og nynorsk (*Norsk Ordbok*) diakront, og det er ein føresetnad for å undertrykkje ein del talemålsartiklar frå visninga av *Nynorskordboka* at brukarane får treff i dei tilsvarende artiklane i *Norsk Ordbok* i ei framtidig nettside for UiBs ordbokportefølje. Målføreorda blir gjennomgåande betre og grundigare gjort greie for i *Norsk Ordbok* enn *Nynorskordboka*, så vi trur ikkje ordbokbrukarane får ei dårlegare brukaroppleving av at dei heller får tilslag i artiklane der.

Redaktørane erfarer dagleg at både språket og verda har endra seg mykje sidan førstegongsredigeringa fann stad på 1970- og 1980-talet, og då hadde redaktørane dessutan eit svært tynt kjeldegrunnlag å redigere på, samanlikna med dei digitale tekstsamlingane vi har i dag. Dei eksisterande definisjonane treff veldig ofte på sida og fangar ikkje den språklege røynda som vi observerer i korpus. Å justere på definisjonane og finne nye tydingar krev grundig analyse av korpustreffa, og i utgangspunktet var dette noko vi prøvde å ta oss tid til. Vi har fått eit eintydig signal frå Språkrådet, som eigar av Revisjonsprosjektet, om at vi må sterkt prioritere å komme oss gjennom begge ordbøkene innanfor prosjektperioden. Sjølv om dei tre hovudmålsetjingane for prosjektet ligg fast, er det særleg arbeidet med å sørge for at definisjonane er i tråd med moderne språkbruk og å fange nye tydingar som de facto blir nedprioritert for å halde framdriftsplanane. Redaktørane har ikkje like mykje tid til omfattande analysearbeid av korpusmaterialet som den oppgåva krev. Det er enklare å fange opp nye ord i norsk i det same materialet. Det er ikkje fagleg tilfredsstillande, men vi ser at vi er nøydde til å justere ned ambisjonsnivået og nøye oss med å lage ikkje fullt så gode og moderne ordbøker som redaktørane ønskjer med dei noverande projektrammene.

2.2 Etablering av rutinar

I Revisjonsprosjektet har vi i 2019 hatt halvannen times lange redaksjonsmøte ein gong i veka for å drøfte og utvikle felles redigeringspraksis. Eit nokså fast innslag på redaksjonsmøta har vore å utveksle tips om korleis vi kan bruke korpusa våre smart og effektivt og såleis styrke den samla korpuskompetansen i prosjektet. Sakspapir blir sendt ut på førehand og referat i etterkant av redaksjonsmøta, og desse dannar utgangspunkt for innføringar i redigeringshandboka.

Framlegget til redigeringshandbok som låg føre ved prosjektstart, var ikkje tilpassa arbeidet i Revisjonsprosjektet. Framlegget tok langt på veg utgangspunkt i *Norsk Ordbok*, og det gav i låg grad svar på spørsmål som dukka opp i samband med dobbelrevidering og med overgangen frå ei opphavleg trykt utgåve til ei fulldigital ordbok. Det har difor vore ei prioritert oppgåve for hovudredaktøren å utarbeide ei ny redigeringshandbok som berre inneheld praksisar som redaksjonen har blitt einig om. Dette er eit grunnlagsarbeid som har teke tid, men redaktørane brukar handboka aktivt, og vi håpar at ho vil vere til god hjelp for dei to nye redaktørane som skal begynne. Medarbeidarane i Språkrådet vil òg ha behov for å enkelt kunne finne fram til gjeldande redigeringspraksis når dei les sluttkorrektur.

Revisjonsarbeidet følger etter oktober 2019 denne malen for kvalitetssikring: 1) revisjon, 2) kollegalesing, 3) første oppretting, 4) hovudredaktørlesing i Språkrådet, 5) andre oppretting. Sjølv om vi har kutta eit nivå (sluttkorrektur i Språkrådet etter hovudredaktørlesing i redaksjonen), sikrar denne prosessen at ordbokartiklane held eit høgt og jamt fagleg nivå. Prosessen er på linje med eller meir omfattande enn prosedyrane i samanliknbare prosjekt.

Ordbøkene våre inneheld forbausande mange systematiske ulikskapar. Differansen på 90 000 oppslagsord i *Nynorskordboka* versus 65 000 oppslagsord i *Bokmålsordboka* var vi sjølv sagt klare over, men ikkje kor ulike t.d. definisjonane av plantar og dyr er. Redaktørane ønskjer mønsterartiklar for slike semantiske felt, slik at vi veit nøyaktig kva vi skal gjere når vi kjem til slike artiklar og for å sikre konsistente løysingar, men ofte krev det fleire rundar og at redaktørane har arbeidd med fleire artiklar før vi kan slå fast kva som er dei beste mønstera. At vi har brukt tid på å lage slike i 2019 er døme på grunnlagsarbeid som vil spare oss tid seinare.

Dette første året har vi brukt mykje tid på å utarbeide prinsipp for føring av uttale og etymologi. Her har det ikkje vore mogleg å halde på prinsippa i dei eksisterande utgåvene, då dei har svært inkonsekvente føringar både kvar for seg og på tvers. Tonemstrekene i oppslagsordet i dei trykte utgåvene forsvann i digitaliseringa, men fram til oktober valde vi å leggje inn tonemmarkering i dei orda som hadde det i dei trykte ordbøkene. I ei digital ordbok meiner vi at vi må skrive orda fullt ut (jf. markeringa i nye *Bokmålsordboka*: «*agres´sor*, i flertall *agres´sor*er eller *agreso´rer*»), ikkje berre ein del av det («i fl også utt *-so´r-*», som det står i gamle *Bokmålsordboka*), og det har utløyyst andre spørsmål om føringane. Etter møtet i Språkrådet blei det bestemt at vi ikkje skal revidere uttale og etymologiane i denne runda, men prinsippa ligg føre for dei som skal utføre dette arbeidet seinare.

2.3 Talmateriale som illustrerer korleis redaksjonen arbeider

Språkrådet har knesett eit parallellitetsprinsipp om at dersom eit oppslagsord står i ei av standard-ordbøkene, skal det stå i begge – så lenge ordet reelt blir brukt i begge målformer. Bakgrunnen er at brukarane av ordbøkene tolkar så mykje inn i det som har vore av meir eller mindre tilfeldige

forskjellar mellom dei tidlegare utgåvene av ordbøkene. I dei trykte utgåvene gjorde det ikkje så mykje at dei to redaksjonane delvis hadde ulikt ordutval og ofte litt ulike redigeringspraksisar, men når dei digitale utgåvene står ved sida av kvarandre på skjermen, blir alle forskjellar veldig synlege – og dessutan problematiske så lenge dei ikkje representerer faktiske målformforskjellar. No er det likevel slik at somme ord reelt berre blir brukte i bokmål og andre berre i nynorsk, og ved prosjektslutt er målet at *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* skal vere om lag like store. Eit måltal på rundt 100 000 oppslagsord for kvar av ordbøkene har vore nemnt, men redaksjonen er meir fokusert på å nå dei andre tre hovudmåla for prosjektet (moderne definisjonar, likare utval av oppslagsord og inn med nytt tilfang) enn å ende nøyaktig på det talet.

I revisjonen er det ikkje så enkelt som at vi skal opprette 35 000 nye artiklar til i *Bokmålsordboka*, men berre 10 000 nye i *Nynorskordboka*. For at brukarane skal merke at begge ordbøkene blir reelt oppdaterte, kjem vi til å undertrykkje visinga av ein del artiklar som fram til no har stått i ordbøkene. I alfabetstrekke *a–c* har redaktørane merka av rundt 1000 gamle artiklar som truleg ikkje blir vist i den komande utgåva av *Bokmålsordboka*, men rundt 2250 artiklar som truleg ikkje får vere med vidare i *Nynorskordboka*. Slik bør differansen vere når det er *Bokmålsordboka* som skal utvidast mest.

Tabell 1 viser kor mange nyoppretta artiklar og kor mange artiklar redaktørane har føreslege å undertrykkje i bokstavane *a*, *b* og *c*. Nedste delen av tabellen viser kor mange artiklar det kjem til å vere på dei ulike bokstavane i dei reviderte utgåvene av standardordbøkene. Parentesen viser differansen mellom nyoppretta artiklar og talet på føreslegne undertrykkingsartiklar. Talet fortel med andre ord kor mange artiklar dei to ordbøkene har vakse med eller minka med per bokstav.

| | <i>Bokmålsordboka</i> (BOB) | <i>Nynorskordboka</i> (NOB) |
|--|------------------------------------|------------------------------------|
| Ord som er føreslegne undertrykte frå visning på <i>a</i> | 488 | 785 |
| Ord som er føreslegne undertrykte frå visning på <i>b</i> | 464 | 1417 |
| Ord som er føreslegne undertrykte frå visning på <i>c</i> | 35 | 45 |
| Sum undertrykte ord | 987 | 2247 |
| Nye artiklar på <i>a</i> | 653 | 715 |
| Nye artiklar på <i>b</i> | 1326 | 878 |
| Nye artiklar på <i>c</i> | 89 | 97 |
| Sum nyoppretta artiklar | 1481 | 1214 |
| Totalt tal artiklar no på <i>a</i> | 3665 (+165) | 3954 (-70) |
| Totalt tal artiklar no på <i>b</i> | 5205 (+862) | 5315 (-539) |
| Totalt tal artiklar no på <i>c</i> | 445 (+54) | 447 (+52) |
| Sum artiklar <i>a–c</i> i dei reviderte utgåvene av ordbøkene | 9315 | 9716 |


Tabell 1: Undertrykte artiklar, nyoppretta artiklar og tal på artiklar i reviderte BOB og NOB

I tabellen er det teke høgde for at ord som har fleire variantformer, berre blir rekna ein gong på tvers av alfabetet: Føreslår ein redaktør å undertrykkje artikkelen *cyberpunk/kyberpunk* 'retning

innanfor sciencefictionlitteratur', tel vi ikkje det som to artiklar vi undertrykkjer, sjølv om artikkelen vil dukke opp på to stader i den alfabetiske sorteringa. Det er derimot rekna med artiklar både med stor og liten førebokstav.

Den tilfeldig valde bolken *avarium-avåt* kan illustrere kor ulikt ordutvalet i ordbøkene er. Av dei 300 første artiklane i bolken stod 14 % berre i *Bokmålsordboka* frå før, 33 % stod berre i *Nynorskordboka*, medan 53 % av artiklane stod i begge. Av artiklane som frå før berre stod i *Bokmålsordboka*, valde redaktøren å opprette 30 % parallelle artiklar i *Nynorskordboka*, 33 % har hen føreslått å undertrykkje, og 37 % står framleis berre i *Bokmålsordboka* (fordi orda berre er normerte på bokmål). Blant artiklane som før berre stod i *Nynorskordboka*, valde redaktøren å opprette parallellartiklar i *Bokmålsordboka* i 34 % av tilfella, 40 % føreslo hen å undertrykkje og 26 % står framleis berre i *Nynorskordboka*. I denne konkrete bolken føreslår redaktøren å undertrykke 7 % av parallelle artiklar i begge ordbøkene, og hen har utført ulike typar endringar i tyding og innhald i 92 % av artiklane. Merk at det berre i 1 % av dei eksisterande parallellartiklane ikkje var behov for å gjere noko. Det var vel ingen som før prosjektstart visste at berre halvparten av artiklane finst i begge ordbøkene, og at redaktørane dermed i halvparten av tilfella må vurdere ut frå korpusbelegg og andre omsyn om det skal opprettast ein utjamningsartikkel, eller om ordet ikkje treng vere med i neste visninga av ordboka. Her er det eit viktig poeng at vi ikkje slettar artiklane vi undertrykkjer no; vi kan enkelt hente dei fram att og revidere dei seinare. Den viktigaste grunnen til at ikkje alle artiklane får bli med vidare, er at det er kjernen i dei moderne norske skriftspråka vi skal dokumentere i Revisjonsprosjektet; vi overlèt til dokumentasjonsordbøkene NAOB og *Norsk Ordbok* å gjere greie for mindre sentralt ordtilfang. I digitale ordbøker har det ingenting med plassparing å gjere, men kva vi skal prioritere å bruke den knappe tida til redaktørane på. Skal vi få inn nytt tilfang, kan vi ikkje bruke all tida på å flikke på og utjamne det som ligg i ordbøkene frå før.

Figur 2 går nærare inn på dei nyoppretta artiklane. Der er artiklane i *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* slegne saman, men dei reviderte bokstavane *a*, *b* og *c* står i kvar si søyle.



Figur 2: Nye artiklar oppretta både i BOB og NOB; artiklar som tidlegare ikkje har hatt anna innhald enn rettskriving av oppslagsordet og bøying; utjamningsartiklar i alfabetstrekke *a-c*.


Den viktigaste konklusjonen vi kan dra av tala i tabell 1 og figur 2, er at redaksjonen er tru mot dei to hovudoppgåvene for prosjektet som går på oppslagsord. Ved å undertrykkje monaleg fleire artiklar frå *Nynorskordboka* enn *Bokmålsordboka* gjer vi utvalet oppslagsord likare. Halvparten av dei nye artiklane som har blitt oppretta i revisjonsperioden, er såkalla *utjamningsartiklar*, som betyr at ein parallell artikkel blir oppretta dersom eit oppslagsord berre finst i den eine ordboka, medan ordet blir brukt både i bokmål og nynorsk.

Verken for redaksjonen eller Språkrådet er det avgjerande at *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* til slutt skal ha like mange oppslagsord.¹ Målet er at ordbøkene skal bli likare, i hovudsak ved at umotiverte forskjellar i fellesordforrådet blir utjamna. Eigenarten i ordtilfanget i bokmål og nynorsk gjer at talet på oppslagsord truleg vil vere forskjellig. Omfanget av målføreord i nynorsk er ein del av dette bildet og vil i tilfelle vere ei viktig årsak til forskjellen.

Skulle ein gått i pluss i nynorsk i tabell 1, gjer parallellitetsprinsippet at redaktørane måtte hatt tid og rom til å opprette langt fleire nye artiklar i begge ordbøkene. Korpusressursane våre lèt oss velje og vrake mellom kandidatar til nyordsoppslag, men den knappe tida hindrar oss i å gå lenger i den retninga. Redaktørane skulle ofte ønskje at dei kunne leggje inn fleire samansetjingar, som vi veit ikkje alltid er intuitivt forståelege m.a. for gruppa av ordbokbrukarar med andre morsmål enn norsk. Den blå delen av søylene i figur 2 viser likevel at dei nye utgåvene av standardordbøkene udiskutabelt får inn mykje nytt tilfang per bokstav, og at redaktørane ikkje mekanisk opprettar parallellartiklar der det finst ein frå før berre fordi dette er minst krevjande.

2.4 Framdriftsstatus

Figur 3 viser kor mange bolkar som blei begynt på frå prosjektstarten hausten 2018 og fram til midten av januar 2020.



Figur 3: Kor mange ordbokbolkar som blei starta på i 2018 og 2019

¹ Merk at *Nynorskordboka* har fleire artiklar enn *Bokmålsordboka* fordi nynorskredaksjonen tok med fleire målføreord (pga. samanhengen mellom dialektene og nynorsken) og samansetjingar. Avtalen var at artiklane i *Bokmålsordboka* (1986) kunne vere noko meir utførlege enn i *Nynorskordboka*, slik at dei to i sidetal skulle bli omtrent like.

I løpet av den femårige prosjektperioden skal vi arbeide oss gjennom 298 bolkar som vi har delt ordbøkene inn i, og som skal vere om lag like arbeidskrevjande. Merk at frå oppstart og ut februar 2019 hadde Revisjonsprosjektet 1,5 ekstra redaktørårsverk, og ut mars 1 ekstra årsverk. At prosjektet mista desse, i kombinasjon med at ein av fulltidsredaktørane gjekk ut i 80 % sjukmelding, viser att på statistikken.

29. april 2019 hadde redaktørane i Revisjonsprosjektet møte med Sturla Berg-Olsen og Knut E. Karlsen i Språkrådet. Prosjektet la m.a. fram status for den bolkvise framdrifta. På dette tidspunktet var det klart at vi var langt frå å ha heile bokstavstrekket *a–c* klart til korrekturlesing før sommaren, slik dei opphavlege framdriftsplanane la til grunn. Sjølv om vi ikkje var oppe i det ønskte tempoet, blei vi einige om at det var for tidleg å setje i verk konkrete tiltak. For det første hadde det gått mykje tid til opplæring, og vi visste ikkje kor stor auke i tempo ein kunne rekne med når det behovet minka. Basert på erfaringar frå prosjektet Norsk Ordbok 2014 visste vi at opplæring tek tid utover det første halvåret. Eit anna viktig moment var at redaksjonen var i gang med å prøve ut ein ny redigeringsapplikasjon for ordbøkene, utan at vi kunne anslå kva effekt det ville ha på tidsbruken. Redigeringsapplikasjonen vi arbeidde med fram til hausten 2019, var så utdatert og fungerte så dårleg at det var direkte til hinder for at redaktørane kunne arbeide raskt og smidig.

17. oktober hadde Åse Wetås (direktør, Språkrådet), Anders Fagerjord (instituttleiar, LLE), Daniel Ims (seksjonssjef, Språkrådet), Knut E. Karlsen (seniorrådgjevar, Språkrådet), Rune Kyrkjebø (prosjektleder, Revisjonsprosjektet) og Margunn Rauset (hovudredaktør, Revisjonsprosjektet) møte i Språkrådet. Tema var framdrifta i Revisjonsprosjektet, og etter ein konstruktiv samtale blei vi einige om å justere praksis på desse områda:

- Redaksjonen skal ikkje revidere informasjonen som står i dagens ordbøker om uttale og etymologi. Å revidere og samordne desse er blant oppgåvene som er enklast å skilje ut som separate delprosjekt som andre kompetente folk kan arbeide med i løpet av revisjons-perioden (om vi skulle finne midlar til det), eventuelt får det stå att som ei framtidig oppgåve til leksikografane som skal halde til ved UiB etter prosjektslutt. I dagens visning av ordbøkene er dette dei informasjonskategoriane som står øvst i ordartiklane, men så lenge dei ikkje får seg ein sårt tiltrengt gjennomgang, må vi sørge for at dei ikkje-reviderte uttale- og etymologiopplysingane blir meir pakka vekk i den neste ordboksidevisninga. I beste fall kan utsetjinga av revidering av uttale føre til auka framdrift for å få lagt inn lydfiler i ordbøkene.
- Hovudredaktørlesinga var fram til oktober 2019 ein flaskehals. Hovudredaktøren er i praksis ein prosjektleder med svært mange arbeidsoppgåver på sida av sjølve revisjonsarbeidet, og det har vore nødvendig for å byggje organisasjonen. På møtet blei det bestemt at hovudredaktørlesinga blir utført av to medarbeidarar i Språkrådet.
- Redaksjonen skal halde på dei tre hovudmålsetjingane med moderne definisjonar, likare utval og inn med nye ord og tydingar, men i enkeltartiklar må vi la meir av umotiverte forskjellar mellom ordbøkene i definisjonsutforming og struktur stå – trass i kunnskapen om kor mykje mange brukarar tolkar inn i sjølv relativt subtile og ikkje-intenderte forskjellar.
- Sekretariatet i Språkrådet utfører mindre endringar i eksisterande artiklar på grunnlag av brukartilbakemeldingar.

Det er ikkje tvil om at desse kursendringane bidreg til at tidsbruken per bolk har gått ned, slik det òg går fram av figur 3, og det er gledeleg. På den andre sida ønskjer ikkje redaksjonen å underkommunisere kva konsekvensar det får for kvaliteten på produkta når tida redaktørane brukar per artikkel, stadig går ned. Det same gjeld for dei nye artiklane vi grunna tidsbruken ikkje prioriterer å

opprette. Redaksjonen står i ein spagat mellom dei faglege ambisjonane som er uttrykt i prosjektsøknaden, og som enkeltredaktørane har for arbeidet sitt, sett opp mot dei økonomiske rammene for arbeidet. Ekstraressursane som blir tilførte på personalsida for 2020 og delvis for 2021 kjem svært vel med, og vi ser allereie no at det er langt større sjanse for at prosjektet kjem à jour med framdriftsplanane – utan å senke kvalitetskrava for dramatisk – om desse blir vidareførte ut prosjektperioden.

Vi har ein litt tyngre redigeringsjobb i første delen av prosjektet enn når vi kjem lengre ut, då vi redigerer parallelle strekk som kjem på ulik plass i alfabetet i dei to ordbøkene. Til dømes redigerer vi *begrep* og alle samansetjingar med *begrep* i bokmål parallelt med *omgrep* og alle samansetjingar med *omgrep* i nynorsk. Det same gjeld for *øye* vs. *auge*, *øst* vs. *aust* osv. Dette spelar dermed noko inn på at det går noko saktare fram i alfabetet no enn det kjem til å gjere seinare.

3. Leksikografifagleg samarbeid

I tillegg til å revidere *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*, er hensikta med Revisjonsprosjektet å byggje opp eit fast leksikografimiljø ved Universitetet i Bergen. Det løyser vi best ved å sørge for god opplæring og kompetanseheving av leksikografane og ved å samarbeide med andre fagmiljø.

Revisjonsprosjektet bidreg regelmessig med seminarinnlegg i forskargruppa for nordisk språk. Vi held slike innlegg i forskargruppa når vi har foredrag vi uansett skal halde i andre samanhengar. På den måten bidreg vi lokalt, men utan at det stel for mykje av redaktørane si tid.

Mikkel Ekeland Paulsen blei tilsett som stipendiat i nordisk språk i mars 2019 og er godt i gang med arbeidet. Han er eit viktig bindeledd mellom prosjektet og den faglege aktiviteten ved instituttet. Språksamlingane (inkl. Revisjonsprosjektet) håpar at det kjem ei ny stipendiatutlysing i 2020.

3.1 Samarbeid med andre fagmiljø

3.1.1. Lunsj utan agenda

Så lenge Revisjonsprosjektet heldt til på Universitetsbiblioteket, inviterte vi jamleg folk til å ete lunsj med oss. Det var ikkje for å oppnå noko konkret, men med eit ønske om å skape eit rom der vi som redaksjon kunne bli betre kjende med somme av dei vi samarbeider med på ulike plan – og at andre kunne bli betre kjende med oss. Dette hadde ein særleg funksjon opp mot sentrale personar i fagmiljøa i nordisk språk og lingvistikk og personar i institutt- og fakultetsleiinga, som vi elles ikkje hadde så mange treffpunkt med. Til saman inviterte vi til ni slike lunsjar fram til september 2019.

3.1.2 Innlegg på seminar, konferansar og liknande

10.–12. januar: Nordisk foreining for leksikografi (NFL) arrangerte LexicoNordica-symposium på Lysebu i Oslo. Tema: Nordiske ordbøker med to eller flere språk. Margunn Rauset heldt invitert innlegg: *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* – einægga, toegga eller siamesiske tvillingar?

22. februar: Leksikografane var inviterte med på Spesialdag for Seksjon for specialsamlingar på UB. Margunn Rauset heldt invitert innlegg: Kva skjer med *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*? Revisjonsprosjektet i eit nøtteskal.

14. mars: Mikkel Ekeland Paulsen og Kari-Anne Selvik heldt innlegg på forskargruppeseminar for nordisk språkvitskap, LLE: Redigering fort og gale.

23. mai: Gunn Inger Lyse heldt innlegg på forskargruppeseminar for nordisk språkvitskap, LLE: Frå *bandsalat* til *bandbreidde*: Leksikografiske metodar i Revisjonsprosjektet.

4.–7. juni: Nordisk konferanse i leksikografi i Helsingfors: Gunn Inger Lyse (Ut med *adamsslekt* og inn med *arveprinsesse*? Leksikografiske metoder i Revisjonsprosjektet for *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*), Mikkel Ekeland Paulsen (Sammensatte ord – et sammensatt problem), Margunn Rauset (Har bokmålsbrukere *bein* eller *ben* i *nesa* – eller er det *nesen*? Om idiomatisk variasjon i norske ordbøker og faktisk språkbruk) og Bente Selback («Å nei, det ordet er ikkje lov på nynorsk! Eller ...?» Om parallell redigering av to norske ordbøker) heldt kvar sine innlegg. Terje Svoldal var òg med på konferansen. Meltzerfondet dekkar konferansen for Lyse, Rauset og Selback.

9. september: Margunn Rauset heldt invitert innlegg på oppstartseminaret for nasjonalt fagråd for Språksamlingane: Orientering om revisjonen av *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*.

24. oktober: Margunn Rauset heldt innlegg på forskargruppeseminar for nordisk språkvitskap, LLE: Korleis skal *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* forbetrast? Dei viktigaste oppgåvene i Revisjonsprosjektet.

28. oktober: Margunn Rauset og Paul Meurer heldt invitert innlegg på Måndagsseminariet ved Institutionen för svenska språket, Göteborgs universitet: Revideringen av *Bokmålsordboka* och *Nynorskordboka*. I samband med dette hadde vi to møte med redaksjonen av *Svensk ordbok*.

21. november: Bente Selback og Terje Svoldal heldt innlegg på forskargruppeseminar for nordisk språkvitskap, LLE: Bruk av talemålskorpus i ordbokredigering.

26. november: Bente Selback og Terje Svoldal heldt invitert innlegg på sluttseminar for LIA-prosjektet: Talemålskorpus som ressurs i ordbokarbeid.

29. november: Bente Selback heldt innlegg på MONS (Møte om norsk språk) 18 i Trondheim: «Noko gammalt, noko nytt ...» Om revisjonen av *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*.

3.1.3 Diverse

Møte med studentar: Redaksjonen hadde i februar besøk av ein bachelorstudent om moglege leksikografiske tema for ei masteroppgåve. Margunn Rauset var invitert til Karlsuniversitetet i Praha i mai for å halde førelesingar for norskstudentane der om leksikografi og revisjonen av *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*. Revisjonsprosjektet inviterte seg med på sommaravslutninga for studentane i nordisk språk og litteratur og allmenn litteraturvitskap for å gje ein kort presentasjon av prosjektet og [oversikta på nettsida vår over moglege tema til oppgåver](#). I podkasten [Ords kifte](#), produsert av Studentradioen i Bergen, snakka Rauset om kva tiltak Revisjonsprosjektet kjem til å rette mot studentar i 2020. To gonger i haustsemesteret blei Rauset telefonintervjua av

elevlar i vidaregåande opplæring som skreiv språklege fordjupingsoppgåver som m.a. dreia seg om slang og engelskpåverknad og kva ord som kjem inn i standardordbøkene. I sum håpar vi at alle desse små dryppa bidreg til at vi både kan få studentar til å skrive oppgåver om leksikografiske problemstillingar og å vurdere om ei framtid som ordbokredaktørar kan vere noko for dei.

I januar 2019 blei det utforma eit fellesdokument for Revisjonsprosjektet og INESS/Clarino som skildrar korleis og i kva omfang Revisjonsprosjektet brukar INESS og Korpuskel.

11. mars: Gunn Inger Lyse hadde møte med Lars Johnsen i Nasjonalbiblioteket. Oppfølging av at han var på besøk hos oss hausten 2018 for å snakke om deira Jupyter-ressurs.

12. mars: Gunn Inger Lyse Samdal representerte UiB på møte i Ressursfordelingskomiteen for nasjonal e-infrastruktur i Oslo.

6. mars: Margunn Rauset hadde møte med språkrådsdirektør Åse Wetås. Rauset har sidan 2017 vore medlem av Språkrådets fagråd for normering og språkobservasjon, og ho prøver ofte å få til eit møte med direktøren når fagrådsmøta er lagt til Oslo. Fagrådet hadde fire møter i 2019.

13. august: UiB ønskte å fronte ordbøkene under Arendalsuka. Peder Gammeltoft, Margunn Rauset og Terje Svandal deltok på stand og spelte inn [podkast](#).

21. oktober: Representantar frå Kulturdepartementet var på studiebesøk til Språksamlingane. Bestillinga frå KUD: «Departementet har eit todelt ønskemål med besøket. I 2019 går det til saman 7,2 mill. kroner over Kulturdepartementets budsjett til ordboksarbeid ved UiB. Vi ønskjer å få ein orientering om status i prosjekta som KUD er med på å finansiere. Dette omfattar rekrutterings-situasjonen for Norsk ordbok som er omtalt i notat til departementet 16. september 2019.» Deltakarar frå KUD: avdelingsdirektør Gunhild Strand Molle, seniorrådgjevar Øystein Baardgaard, seniorrådgjevar Sigfrid Tvitekkja og seniorrådgjevar Elisabeth Stavem. Frå Språksamlingane/ordbok-prosjekta: fagleg leiar Peder Gammeltoft, prosjektleiar Margunn Rauset, førstebibliotekar Rune Kyrkjebø, fagrådsleiar Randi Neteland og Johan Myking, dåverande leiar i styringsgruppa. Frå leiarnivåa: rektor Dag Rune Olsen, ass. universitetsdirektør Tore Tungodden, dekan HF Jørgen Sejersted, nestleiar LLE Sigrun Åsebø, IT-direktør Tore Burheim og UB-direktør Maria-Carme Torras Calvo.

3.2 Kompetansehevingstiltak

7. februar: Helge Dyvik og Paul Meurer var med på redaksjonsmøte med søk og templat i NorGramBank og Korpuskel som tema.

18.–19. februar: Elexis-observatørmøte i Wien. Paul Meurer og Margunn Rauset deltok. Revisjonsprosjektet har fått status som observatør i dette Horizon 2020-prosjektet, og Paul Meurer er kontaktperson på vegner av Universitetsbiblioteket og prosjektet.

14. mars: Torodd Kinn var med på ordklassedrøftingar på redaksjonsmøte.

9. april: Revisjonsprosjektet inviterte tidlegare hovudredaktør for *Bokmålsordboka*, Boye Wangensteen, for å fortelje om det leksikografiske arbeidet med BOB ved UiO.

15. mai: Metaordbokseminar på UB med innlegg av Oddrun Grønvik og Christian-Emil Ore. Til stades var tilsette ved Språksamlingane, IT-avdelinga og delar av Revisjonsprosjektet.

24.–28. juni: Gunn Inger Lyse, Margunn Rauset og Terje Svardal deltok på ei veker intensiv-opplæring i leksikografisk og datalingvistisk metode i Tsjekia. LLE dekkar kurset for Lyse og Rauset og Språksamlingane for Svardal.

11. oktober: Revisjonsprosjektet inviterte professor Trond Trosterud ved UiT til internseminar om definisjonsutforming i standardordbøkene og å snakke om korleis ein kan nytte seg av brukarloggar i ordbøker.

24. oktober: Fellesseminar for Revisjonsprosjektet og NAOB-redaksjonen på UiB. Tema for øktene: «Korpusarbeid og korpussøk; håndtering og bruk av kildemateriale» og «Lemmutvalg, normering og vidare planer for NAOB og Revisjonsprosjektet». Gunn Inger Lyse, Bente Selback og Terje Svardal hadde førebudd korte innlegg om ulike sider ved aktiviteten i Revisjonsprosjektet.

25. oktober: Jupyter-kurs med Lars Johnsen og Yngvil Beyer frå Nasjonalbiblioteket saman med Språkrådet (representantar frå sekretariatet og fagråd 3), NAOB og fagmiljøa i lingvistik og nordisk språk ved LLE.

4. Dataverktøy og korpus

Vi har fått samla redigeringsapplikasjon for ordbanken, redigeringsapplikasjon for ordbøkene og alle dei viktigaste korpusa på éi nettside: <http://clarino.uib.no/lex/page> (innlogging via Feide for dei som har tilgang).

Heile vårsemesteret hadde hovudredaktøren og leksikografen på Språksamlingane 3–4 møte i månaden med IT-avdelinga om ny teknisk løysing. Etter sommaren la ein om møteprosedyrane, og Paul Meurer har representert Revisjonsprosjektet på møta med IT-avdelinga. Sjølv om IT-avdelinga skal ha klar ei ny dataløysing for alle delane av Språksamlingane på vårparten 2020, skal det ikkje medføre dei store endringane for redaksjonen. Redaktørane held fram med å bruke applikasjonane Meurer har spesialtilpassa for Revisjonsprosjektet, men på toppen av ei anna dataløysing enn dagens. Redaksjonen har i periodar blitt brukt til å teste og prøve ut funksjonalitet, og det må vi òg rekne med blir ein del av i 2020.

4.1 Korpus

Paul Meurer utvida i 2019 den spesialdesigna leksikografiske korpusressursen vår, Korpuskel-Lex. No kan vi søkje på tvers av tre ekstra korpus, slik at vi i eitt og same søk kan søkje i tolv korpus og rundt 2,8 milliardar løpeord.

| Korpusnamn | Målform | Tal på ord | Tidsrom | Sjanger | Søkjeattributt | Tilgang |
|------------------------------|-----------------|--------------|-------------------|--|---------------------------|----------|
| Aviskorpus (Bokmål) | bokmål | 1880,62 mill | 1998-2015 | tekst: sakprosa (avis) | ordform | open |
| Aviskorpus (Nynorsk) | nynorsk | 19,6 mill | 1998-2015 | tekst: sakprosa (avis) | ordform | open |
| Aviskorpus annotert | bokmål | 28,97 mill | 2001-2009 | tekst: sakprosa (avis) | ordform, lemma, ordklasse | open |
| Forskning.no (2017) | bokmål | 21,47 mill | 1998-2017 | tekst: sakprosa (avis) | ordform, lemma, ordklasse | avgrensa |
| Leksikografisk bokmålskorpus | bokmål | 102,29 mill | 1985-2013 | tekst: blanda (sakprosa, skjønnlitteratur) | ordform, lemma, ordklasse | avgrensa |
| NBs frie tekster (Bokmål) | bokmål | 516,39 mill | 1765-2013 | tekst: blanda (sakprosa, skjønnlitteratur) | ordform | open |
| NBs frie tekster (Nynorsk) | nynorsk | 46,02 mill | 1850-2010 | tekst: blanda (sakprosa, skjønnlitteratur) | ordform | open |
| Nynorskkorpus | nynorsk | 107,8 mill | 1866-2012 | tekst: blanda (sakprosa, skjønnlitteratur) | ordform, lemma, ordklasse | avgrensa |
| Talk Of Norway | bokmål, nynorsk | 63,8 mill | 1999-2016 | tekst: sakprosa | ordform, lemma, ordklasse | open |
| Dialektendring | nynorsk | 3,92 mill | 1960-2019 | tale: dialektopptak | ordform, lemma, ordklasse | avgrensa |
| Industristad | nynorsk | 1,78 mill | 1948-2013 | tale: dialektopptak | ordform, lemma, ordklasse | avgrensa |
| Talesøk | nynorsk | 1,56 mill | ikkje spesifisert | tale: dialektopptak | ordform, lemma, ordklasse | avgrensa |

Tabell 2: Oversikt over korpusa på Korpuskel-Lex, som redaktørane kan gjere søk på tvers av.

Bokmål utgjer ca. 90 % og nynorsk ca. 10 % av det samla materialet i Korpuskel-Lex. Det er dessverre ei målformfordeling ein ofte ser i innsamla tekstmateriale. At vi prioriterer det påbegynte arbeidet med å få oppdatert og auka mengda tekst i Nynorskkorpuset monaleg, vil derfor vere avgjerande både for Revisjonsprosjektet og digitaliseringa og revisjonen av bokstavstrekket *a* til *h* i *Norsk Ordbok*, prosjektet NO-AH. I den samanhengen er vi glade for at Høgskulen i Volda ønskjer å bidra til NO-AH med å ta eit særskilt ansvar for Nynorskkorpuset.

Gunn Inger Lyse har saman med Paul Meurer skrive dokumentasjon til Korpuskel-Lex og samla og skrive skildring av både enkle og meir komplekse søkjestrengar. Dette er viktig for å sikre at både nye og meir erfarne redaktørar i begge prosjekta skal utnytte potensialet som ligg i korpusressursane våre.

4.2 Redigeringsapplikasjonar

Redigeringsapplikasjonen for ordbanken kom først på plass. Der ein før måtte vurdere om det var riktig å bruke tid på å leggje inn eit ord i ordbanken for bokmål og nynorsk fordi det var så tidkrevjande, er det no gjort i ei hand vending. I same prosessen som vi legg på grammatikk-opplysingar til eit oppslagsord, kan vi hake av for å opprette ein ordbokartikkel til ordet, så vi ikkje treng kople ressursane saman manuelt. Applikasjonen er smidig, og vi sparer mykje tid på kvar einaste oppføring.

Fram til 1. september 2019 arbeidde redaksjonen i den gamle Delphi-applikasjonen frå UiO. Det hindra effektiv redigering. Funksjonar som fungerte ved UiO, har ikkje fungert etter flytting til UiB. T.d. har vi manuelt tagga ord som skulle koplast internt i ordbøkene, og det har teke opp til fem og ti minutt før koplingane gjekk gjennom, noko som førte til dårleg arbeidsflyt mellom å revidere og å måtte gå tilbake og sjekke om koplingane gjekk gjennom som dei skulle.

Begge dei nye applikasjonane ligg på toppen av svært komplekse system i Oracle-databasen, og sjølv utviklingsarbeidet av ordbokredigeringsappen tok rundt eit halvt år før vi kunne ta den nye, nettbaserte løysinga i bruk. At redaktørgruppa har jobba tett saman med utviklaren av dei to applikasjonane, har vore tidkrevjande med testing og feilretting i mange rundar, men vi ser i etterkant at vi på plussida har fått arbeidsreiskapar som er funksjonelle, effektive og spesialtilpassa dei behova vi har. Den nye ordbokredigeringsapplikasjonen har endra arbeidskvardagen markant, og han er enkeltfaktoren som har bidrege mest til at revideringstempoet har auka.

5. Økonomioversikt

Prosjektet sin økonomi består, ut over tildelinga frå departementet, av eigenbidrag som UiB og Språkrådet har lagt inn. For UiB sin del er den største bidragsytaren utanom departementstildelinga Språksamlingane. Språksamlingane sitt budsjett er administrert av UB, under strategisk leiging av Styringsgruppa for Språksamlingane.

Rekneskapstala frå HF-fakultetet, UiB, viser per 31.12.2019 ein bruk på 4 389 207 kr av den tildelte summen på 5,2 millionar (jf. tabell 3). Underforbruket for 2018 og 2019 er delvis knytt til at vi ikkje har hatt full bemanning, og det gjer at vi kan lønne ein ny redaktør i full stilling i 2020 og 2021.

Budsjett og rekneskap for prosjektnummer 812970 Revisjonsprosjektet

| Utgiftskategori (b/r) | Budsjettal | Rekneskapstal | Avvik (b-r) |
|------------------------------|------------------|------------------|----------------|
| 5 Arbeid utført | 6 295 695 | 3 733 102 | 2 562 593 |
| 6, 7 og 8 Driftskostnader | 140 031 | 58 809 | 81 223 |
| 9 Interne transaksjonar | -1 553 483 | 597 296 | -2 150 779 |
| Sum totalt | 4 882 243 | 4 389 207 | 493 036 |

Tabell 3: Oppsummerte rekneskapstal frå HF-fakultetet, UiB

Av departementsløyvinga på 5,2 millionar er 493 036 kroner ubrukte og blir av HF-fakultetet overførte til budsjettet for prosjektet for 2020.

Bidraget til Språksamlingane (UB) for 2019 kan oppsummerast slik, med summar henta frå budsjett dokumenta til Språksamlingane:

| Bidrag | Budsjettert utgift |
|-------------------------------------|--------------------|
| 50 % av eit årsverk leksikograf | 400 000 |
| 50 % av eit årsverk prosjektleiar | 400 000 |
| 100 % av eit årsverk IT-medarbeidar | 800 000 |
| 10 % av eit årsverk digital arkivar | 80 000 |
| Sum | 1 680 000 |

Tabell 4: Språksamlingsbidrag til Revisjonsprosjektet i 2019

Med desse utgiftene er UiB sin samla bruk for 2019 på 4,39 + 1,68 millionar, som til saman er 6,07 millionar kroner. Dei tilsvarande tala for 2018 var 3,40 + 1,68, til saman 5,08 millionar kroner.

6. Medieoppslag og publikasjoner

6.1 Medieoppslag

Berg, Andrea: «Amerikansk ordbok kårer engelske «hen» – «they» – til årets nyord». I: ABC Nyheter [Internett] 2019-12-12:

<<https://www.abcnyheter.no/nyheter/norge/2019/12/12/195633335/amerikansk-ordbok-karer-engelske-hen-they-til-arets-nyord>>

Botheim, Sigrid Sørungård: «Rettskriving til begjær og besvær». I: Statsspråk 1/2019 [Tidsskrift] 2019-03-12 <<https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Statssprak/statssprak-12019/rechtskriving-til-begjar-og-besvar/>>

Botheim, Sigrid Sørungård: «Gratis ordbøker på nett er viktig». I: Språknytt 1/2019 [Tidsskrift] 2019-02-25 <<https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/spraknytt-12019/gratis-ordboker-pa-nett-er-viktig/>>

Ervik, Torill Sommerfelt: «Ødelegger ungdommene språket vårt?» Podkasten UiB Popviten [Internett]: <<https://uibpopviten.podbean.com/e/live-episode-%C3%B8delegger-ungdommene-spraket-vart/>>

Kvamme, Ole Marius: «Stadig fleire brukar ordbøkene på mobilen» På www.uib.no [Internett] 2019-01-31 <<https://www.uib.no/aktuelt/124162/stadig-fleire-brukar-ordbokene-pa-mobilen>>

Språkrådet: «Stadig fleire brukar ordbøkene på mobilen» Pressemelding [Internett] 2019-01-31 <<https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/hva-skjer/Aktuelt/2019/stadig-fleire-brukar-ordbokene-pa-mobilen/>>

Strand, Hilde Kristin: «4000 brukar ordbokappen dagleg». I: På Høyden [Avis] 2019-02-01 <<http://paahoyden.no/2019/01/4-000-brukar-ordbokappen-dagleg>>

Årdal, Ingrid og Petter Morland: «Årets ord og revisjon av ordbøkene». Ordsifte [Radio] 2019-12-12 <http://podcast.srib.no/media/podcast/DIONYSOS_4A9660F8943342DB8944C28E7DB07A72.MP3>

6.2 Publikasjoner

Rauset, Margunn. 2019. «Bokmålsordboka og Nynorskordboka. Einegga, toegga eller siamesiske tvillinger?» I: *LexicoNordica* 26, s. 155–175

Bergen, 24. januar 2020

Margunn Rauset

prosjektleder

forskar, LLE

Rune Kyrkjebø

koordinator

førstebibliotekar, UB